

*Amtmandens
Døttre*

Kjerringa mot straumen

☞ Camilla Collett (1813–1895), fødd Wergeland, var ei føregangskvinne i kampen for kvinnefrigjering i Noreg. Hovudverket *Amtmandens Døttre* (1855) er den første norske *tendensromanen* – det vil seie ein roman med tydeleg samfunnskritikk. Tendensen eller kritikken i boka rettar seg mot den borgarlege kvinneoppsedinga i samtida.

☞ Store delar av sitt vaksne liv var Camilla Collett på reisefot, og det einaste faste i livet hennar var skrivinga. Ho braut med kvinneidealet i samtida, både i liv og diktning, og omtalte seg sjølv som kjerringa mot straumen.



Ein stimulerande oppvekst



☛ Camilla Collett voks opp på Eidsvoll prestegard, der faren Nicolai Wergeland var sokneprest. Heimen deira gav grobotn for intellekt og kreativitet, både hos Camilla og den eldre broren Henrik. Faren var påverka av nye tankar og idear frå Rousseaus opplysningsfilosofi, og han såg til at Camilla fekk meir utdanning enn det som var vanleg for jenter på den tida. Ho gjekk på skule både i Danmark og Tyskland, ho lærte seg språk og var godt orientert i dansk og tysk litteratur. I tillegg var Camilla musikalsk og hadde interesse for teater.

☛ Jamvel om oppveksten på Eidsvoll var stimulerande nok, kjeda Camilla seg på prestegarden i ungdomstida. Faren tok henne derfor med på reiser til mellom anna Hamburg og Paris. Utanlandsreisene var ein inspirasjon, her møtte ho nye menneske og nye tankar.

Ein kvinneleg skribent

☞ Interessa for litteratur og samfunns-
spørsmål gjorde at Camilla Collett prøvde
seg som skribent mot slutten av 1830-åra.
Det handskrivne bladet «Forloren Skil-
padde» kom ut på Eidsvoll, og ho skreiv
sine første fiksjonstekstar. I tillegg skreiv
ho litteraturkritiske essay og artiklar. I
heile denne perioden var ho òg ein aktiv
dagbok- og brevskrivar.

☞ I 1841 gifte Camilla seg med Peter
Jonas Collett. Han var jurist, embetsmann
og politkar. Men han var også litteratur-
kritikar og ein kulturinteressert person
som oppmuntra Camilla til å halde fram
med skrivinga.

☞ I 1842 kom *Nogle Strikketøisbetragt-
ninger*, kritiske tankar og skildringar av
omgangsformer og selskapsliv i danna
krinsar. Boka vart sjølvsgatt gitt ut ano-



nymt, for det var ikkje akseptert at ei
kvinne kunne vere forfattar i 1840-åra. På
den tida hadde Camilla også eit samarbeid
med eventyrsamlar Asbjørnsen og skreiv
tekstar i lag med han.

Amtmandens Døttre

☛ Camilla Collett hadde arbeidd med *Amtmandens Døttre* i lang tid da boka kom ut anonymt i 1855. Romanen blir i dag rekna som det første realistiske og samfunnskritiske verket i norsk litteratur, og som den første tendensromanen. Kritikken rettar seg mot oppsedinga og dei samfunnsnormene som hindra unge jenter i å rå over eige liv.



☛ Handlinga i romanen er lagd til ein amtmannsgard. Den yngste amtmannsdottera, Sofie, opplever at systrene blir

gifte bort. Ho ser derfor med gru på at ho sjølv skal ende opp i eit arrangert ekteskap utan kjærleik. Da ho møter den nytilsette fullmektigen på amtmannskontoret, oppstår det søt musikk mellom dei. Men misforståingar og uheldige samantreff gjer at det ikkje blir noko meir av forholdet. At Sofie seinare får avklart kva som hindra henne i å få sin store kjærleik, hjelpte ikkje. Da var det for seint. Sofie var allereie gift bort til ein eldre enkjemann og prest.

☛ Bodskapen i romanen er at fornufts-ekteskap ofte fører til undertrykking av individa, særleg kvinna. Collett går så langt at ho omtaler kvinner som «varer». Kvinna er eit objekt i eit mannssamfunn, seier ho.



En Eftermiddag for hvoed tredise Aar siden var en Reifende, der kom Syd fra, fleget af paa Skydslistet . . . i et af Landets nordlige Amter. Det var just i Stumringen. Han befandt sig i det lille Gjaestvoerelse indenfor den larmende Bondstue og syntes ret at være et Kov for det Aldebsindende, den ganske besunderlige Uro man overfaldes af et Aldebsindende, der den negang Octoberdage hel

Kvinnesak

☞ *Amtmandens Døttre* er eit pionerverk i kvinnesaksdebatten her til lands. Det er den første teksten som for alvor tematiserer kvinnes manglande rettar.

☞ Eit anna poeng er at Camilla Collett ut frå omgrepa i dag kan definerast som *forskjellsfeminist*, i alle fall i *Amtmandens Døttre*. Ho argumenterer ikkje for at menn og kvinner er like og derfor bør ha dei same rettane. Ho tek utgangspunkt i at menn og kvinner er ulike, men at kvinner må respekterast på lik linje med menn. Derfor er det retten til å bli høyrte og sett – som *kvinne* – ho kjempar for.

☞ Ein del av samfunnsendingane som skjer mot slutten av 1800-talet, fører gradvis til eit nytt kvinnesyn. Dei teknologiske og industrielle framstega gjer at fleire kvinner får lønnsarbeid. Urbanise-

ring og meir utdanning medverkar òg til ei gradvis endring i synet på kvinnes posisjon i samfunnet.

☞ Liberalismen og kravet om fleire demokratiske rettar fører til betre kår for kvinnene. Arvelova av 1854 gav døtrer same arveretten som søner. Ugifte kvinner fekk status som myndige i 1864, mens gifte kvinner ikkje fekk denne statusen før i 1888. Dei fekk da rett til å disponere over eigen formue. Desse ytre endringane kjem på same tid som Camilla Collett set fokus på ei indre emansipatorisk (frigjerande) side ved det å vere kvinne i eit mannssamfunn.



Vitseteikning frå 1869 som viser omsnudde kjønnsroller

Eit moderne kvinneliv

☞ Etter berre ti års ekteskap med Peter Jonas Collett vart Camilla Collett enkje. Ho sat att åleine med fire søner, og enkjepensjonen var sparsam. Ho måtte derfor selje huset, og dei tre eldste sønene voks opp vidare hos slektningar av mannen. Den yngste sonen vart att hos henne.

☞ Camilla Collett hadde ein dragnad mot dei store byane i Europa. Etter at ho vart enkje, byrja ho eit nomadeliv, der ho flytte frå storby til storby i Europa mens ho skreiv. I dei europeiske storbyane henta ho inspirasjon til skrivinga. Ho meistra både tysk og fransk og lèt seg inspirere av forfattarar som Honoré de Balzac, George Sand og Madame de Staël.

☞ Frå Berlin og Paris sende Camilla Collett artiklar til «Illustreret Nyhedsblad». Det var eit vekeblad for kunst, litteratur

og vitskap, der mellom anna Jonas Lie var deleigar og Henrik Ibsen redaksjonsmedlem. I desse reisebrevva fortel ho om dei store byane, musea ho har oppsøkt, historiske stader ho har sett, og andre forfattarar ho har møtt på reisene sine. Ho reflekterer og samanliknar med tilhøva heime og er særleg oppteken av kvinnekåra.

☞ I sjølvbiografien *I de lange Nætter* (1862) fortel ho om barndom og oppvekst på Eidsvoll. Men boka er òg ei vidareføring av kampen for kvinnas rett til eit fullverdig liv. I tittelen ligg det eit vink om at ho ikkje fortel for det «vakne» publikumet, men for dei som ikkje heilt følgjer straumen. Ho skaper ein slags meningsfellesskap mellom outsiderane i samfunnet – nattmenneska.

Politiske og juridiske rettar

🦋 I perioden 1868–1873 kjem tre bøker med tittelen *Sidste Blade*. Det er ei samling artiklar, essay, reiseskildringar og dagboknotat. No er det ikkje berre den emosjonelle (kjensleprega) frigjeringa Camilla Collett skriv om, som i *Amtmandens Døttre*. Collett reflekterer også over politiske og juridiske emne knytte til kvinnesaka.

🦋 I 1877 publiserer Camilla Collett *Kvinden i Litteraturen*, ei stor utgreiing om emnet. Her granskar ho kvinnene i bøker av mannlege forfattarar, og ho ser på haldningane til diktaren. Ho stiller spørsmål ved kor langt frigjeringa eigentleg er komen. Collett står her fram som ein tidleg litteraturanalytikar og kritikar.



Kvinnesakskvinnene i 1970-åra førte arven etter Camilla Collett vidare

«Stemmen lyder over en Gravhøi»

☞ I *Amtmandens Døttre* uttrykkjer Sofie: «*Vår bestemmelse er å giftes, ikke å bli lykkelige. I den forstand har jeg sett begge mine eldre søstre oppfylle sin bestemmelse. De tok sine menn med overlegg, frivillig, og dog ville de ikke under noen omstendighet selv ha valgt dem.*»

☞ Som Sofie hadde Camilla sjølv fått oppleve kva det vil seie å ofre kjærleiken. Sytten år gammal møtte ho Johan Sebastian Welhaven i Kristiania og forelska seg hovudstups. Welhaven var ein kjend diktar og samfunnsdebattant, og meiningane hans – mellom anna om diktning og den politiske utviklinga i Noreg – stod i sterk kontrast til det faren og bror til Camilla meinte. Det var derfor vanskeleg for dei to å gå inn i eit forhold. Camilla Collett

kjempa heile livet for retten til å leve eit liv i sanning og i samsvar med eigne kjensler. På ein bronsestatue av Camilla, plassert i småbåthamna i Kristiansand, står det skrive på sokkelen: «*Tro er man kun når man er det mot sig selv.*»

☞ Da *Amtmandens Døttre* kom i ny og omarbeidd utgåve i 1879, stod namnet Camilla Collett på framsida for første gong. Tidlegare var boka gitt ut anonymt, men no hadde det skjedd ein del endringar som gjorde det mogleg å vere kvinneleg forfattar. Ei tydeleg stadfesting av dette var at Collett fekk halv diktargasje (kunstnarlønn) av Stortinget i 1876.

☞ Utover i 1870-åra er det fleire teikn på at kampen for kvinnerettar er i ferd med å gi resultat. Tida er no open for å setje kritisk søkjelys på emne som har med samfunnsrettane til kvinner å gjere. Andre store forfattarar, som Ibsen, Kielland og

Lie, skriv no samfunnskritiske tekstar som alle rommar sterke, sjølvstendige kvinner med styrke og vilje, og dei har det til felles at dei er i opposisjon til hykleri og undertrykking. Ei ny tid og nye haldningar er i emning.

☞ I 1884 vart Norsk Kvindesagsforening etablert. Kampen motstraums hadde gitt resultat. Camilla Collett var sjølv ein stor inspirator både for Amalie Skram og andre unge kvinner som skulle kome seinare.

☞ Dei to siste bøkene av Camilla Collett kom ut i 1879 og 1885. Begge er samlingar av tidlegare artiklar og essay, og begge har tittelen *Mod Strømmen* (I og II). Det er her ho identifiserer seg med kjerringa frå folkeeventyret, kjerringa som flaut mot straumen: «*Og saa vil jeg blive ved at klippe og klippe de seige Strenge, der binder os til den gamle Trældom, blive*



ved, blive ved, indtil Stemmen lyder over en Gravhøi.» Collett døydde i 1895, men stemma hennar inspirerer framleis kvinner.

